

---

Studiestyresak: **17/5**

Saksnr.: 2016/9271

Møte: 5. april 2017

---

---

## **SMÅ STUDIEPLANENDRINGAR HAUST 2017. PLANAR FOR, OG YNSKJE OM STØRRE ENDRINGAR I STUDIEPROGRAM**

---

Fakultetsadministrasjonen har, 23. januar 2017, sendt brev til alle institutt med informasjon og ei påminning om den faste fristen 1. mars for innsending av små studieplanendringar for emne som skal undervisast komande haustsemester.

Vi har mottatt forslag til studieplanendringar frå alle institutt og lærarutdanningsutvalet:

- Geofysisk institutt
- Institutt for biologi
- Institutt for fysikk og teknologi
- Institutt for geovitskap
- Institutt for informatikk
- Kjemisk institutt
- Matematisk institutt
- Molekylærbiologisk institutt
- Lærarutdanningsutvalet
- Skulelaboratoriet i realfag

Alle brev med forslag til endringar frå institutta ligg vedlagt. Basert på dette, kjem no ei oppsummering der fakultetet har kommentert forslaga. For å sikre informasjonsflyt vart det til fristen 1. mars også sendt ei oppmoding om ei orientering om det pågåande revisjon av studieprogram og emne og planar om større endringar i emneporteføljen.

### **Små studieplanendringar**

Dei små studieplanendingane er justeringar av emneskildringar og undervisningstilbodet haust 2017. I tillegg, kan institutta foreslå enkelte større studieplanendringar når dei er ein konsekvens av studieplanendingar som vart vedtatt haust 2016, ved fristen 1. oktober. Større endringar som kjem studentane til gode kan også vurderast i samband med små studieplanendringar.

## 1. SMÅ ENDRINGAR PÅ EMNE

### **Geofysisk institutt**

Instituttet melder inn i hovudsak justeringar og endringar knytt til at bachelorprogrammet endrar namn frå hausten 2017. Blant anna er det gjort ei rekke endringar i vurderingsform og emneskildringar.

Det vert presisert at bachelorprogrammet har skrivemåten Bachelorprogram i klima-, atmosfære- og havfysikk og Bachelor's degree in climate, Atmosphere and Ocean Physics».

[GEOF100](#) endrar namn i samband med endring av namnet på bachelorgraden. Namnet blir endra frå «introduksjon til meteorologi og oseanografi» til «Introduksjon til klima-, atmosfære- og havfysikk».

Temaoversikten til Masterprogram i energi er oppdatert og ligg ute på nettsidene:

<http://www.uib.no/studieprogram/MAMN-ENERG#uib-tabs-presentasjon>

Instituttet melder også inn to emne [GEOF347](#) «Seminar om Earth system science for sustainability studies» og [GEOF346](#) «Tidevannsdynamikk og havnivåvariasjonar», som er ferdig revidert då desse skal gå til hausten.

### **Institutt for biologi**

Det er gjort endringar i undervisningsformar for emne [BIO233](#) Insekters diversitet og biologi. I tillegg, er det endra undervisningsform og krav til studierett for emne [BIO298](#) Yrkespraksis i biologi II.

Instituttet til rår at emna NATDID220 og NATDID220-P vert oppretta ved instituttet jf. Lærarutdanningsutvalet.

Vidare ynskjer instituttet til å bidra til utforming av informasjon om studentar sin eigenandel for å dekke kost i samband med felt- og toktarbeid.

### **Sekretærens kommentar:**

*Vi ventar fortsatt på avklaringar frå sentralt hald. Fakultetet ser verdien av å ha informasjon om eigenandel i emneskildringane. Fakultetet vil difor kome med forslag til utforming av ei standardsetning som kan nyttast generelt på emne ved fakultetet.*

### **Institutt for fysikk og teknologi**

[PTEK311](#) «Integrerte operasjonar innan boring og produksjon» og [PTEK312](#) «Utvalde emne i petroleumsteknologi» endrar undervisningsspråk frå Norsk til «Engelsk, norsk dersom kun norskspråklege studentar»

Institutt for fysikk og teknologi fortsetter neste side

Institutt for fysikk og teknologi fortsetter

Emnet [PHYS112](#) «*Elektromagnetisme og optikk*», reduserer pensum, emnenamn og emneskildring.

Årsaka for reduksjon i pensum er ei oppleving frå studentar og emneansvarleg om at dette er for omfattande. Det vert foreslått at optikkdelen vert tatt ut av pensum. Dette fører til endring i emnenamn frå «*Elektromagnetisme og optikk*» til «*Elektromagnetisme*».

**Sekretærens kommentar**

*Det er viktig at læringsutbyte vert oppdatert med tanke på at optikk delen går ut av pensum. Vi ser at både Bachelorprogram i petroleum- og prosessteknologi, fysikk, nanoteknologi, klima, atmosfære- og havfysikk og [Lektorprogram i naturvitenskap og matematikk](#), har dette emne i si spesialisering. Vi ynskjer ei stadfesting frå institutt for fysikk og teknologi på at desse programma er orientert om denne endringa.*

**Institutt for geovitskap**

Alle emne ved instituttet endrar varigheit av obligatoriske arbeidskrav.

«Godkjente obligatoriske aktivitetar er gyldig i tre semester, inkludert det semesteret som aktiviteten vart godkjent».

I tillegg, har instituttet gjort endringar i vurderingsform på emna [GEOV105](#) «*Innføring i historisk geologi og paleontologi*», [GEOV228](#) «*Kvartærgeologiske dateringsmetodar*», [GEOV113](#) «*Refleksjonsseismisk datainnsamling og prosessering*» .

**Sekretærens kommentar**

- a) *Det er viktig at emneskildringa vert oppdatert med følgjande punkt:  
Presisering at dette er ei mappevurdering*
- b) *Opplyser om alle delar må være bestått for å kunne bestå emne, eller om det er mogleg å bestå med stryk på enkelte delar.*
- c) *Instituttet bør også utarbeide klare retningslinjer for korleis fråvær på obligatoriske aktivitetar og vurderingsdelar skal handterast.*

Vidare har instituttet meldt inn at [GEOV230](#) «*Glacialgeologi*» skal føye til GEOV108 som eit forkunnskapskrav til allereie eksisterande forkunnskapskrav: GEOV101, GEOV102 og GEOV110.

I tillegg, skal det registrerast fagleg overlapp 4 studiepoeng med [AG204](#) frå Universitetssenteret på Svalbard med GEOV230

**Sekretærens kommentar**

*Fakultetet presiserer at overlapp generelt ikkje vert registrert med tilbakeverkande kraft. Akkurat i dette tilfelle vert det gjort unntak, etter god grunngjeving blant anna at GEOV230 er eit heilt nytt emne våren 2017.*

### Institutt for informatikk

[INF250](#) «Dataorientert visuell berekning» endrar forkunnskapskrav frå ingen til INF100, INF101 og MAT111/MAT101

#### **Sekretærens kommentar**

*Instituttet bør grunngje kvifor denne endringa i forkunnskapskrav er ynskjeleg.*

### Kjemisk institutt

[KJEM232](#) «Eksperimentell organisk syntese» fjernar skriftleg eksamen som del av vurderingsform og fordele samla karakter på dei vurderingsdelane som står att:

- Praksis laboratoriearbeid (45%)
- Skriftlege journalar, rapportar og munnlege presentasjonar (55%).

#### **Sekretærens kommentar**

*Emneskildringa må oppdaterast med opplysningar om alle delane må vere bestått for å bestå emne, eller om det er mogleg å bestå med stryk på enkelte delar. Instituttet bør også utarbeide klare retningslinjer for korleis fråvær på obligatoriske aktivitetar og vurderingsdelar skal handterast.*

### Lærerutdanningsutvalet

<http://www.uib.no/matnat/55613/1%C3%A6rerdanningsutvalget-ved-mn-fakultetet>

Lærerutdanningsutvalet foreslår at NATDID220 og NATDID220-P skal tilhøyre institutt for biologi. Grunngjevinga er at Naturfaget har vore eit felles ansvar for fagdidaktikarane i fysikk, kjemi og biologi. Med tanke p jamn arbeidsfordeling og fordeling av studiepoengsproduksjon vert NATDID220/220-P høyre til institutt for biologi. Kjemisk institutt og institutt for fysikk og teknologi har ansvar for høvesvis NATDID211/212-P og NATDID210/210-P.

### Matematisk institutt

Instituttet har planar om å legge ned MAT256 Plasmadynamikk. Grunngjevinga er at emne ikkje har blitt undervist på fleire år og vi har heller ikkje forelesarar til dette emne.

I tillegg, informerer instituttet om planar for nedlegging av masterstudieretning. Sjå orienteringar til styrestyret.

[MNF201](#) «Vitenskap i vår tid» endrar undervisningssemester frå vår til haust. Dette har bakgrunn i at Lektorprogrammet fekk ny rammeplan i 2013. Studieåret 2017/18 skal 4. studieår i ny struktur gå for første gang. Derav semesterbyte. Det administrative ansvaret vert foreslått å flyttast frå institutt for biologi til Matematisk institutt frå og med hausten 2017. Årsaka til dette er at institutt for biologi ikkje står undervisninga eller ikkje har eigne studentar som tar emne. Matematisk institutt er positive til dette. Grunna byte av semester må MNF201 undervisast både vår og haust 2017. Dette inneber ekstraavgifter og ynskjer at fakultetet kan dekke dei reelle ekstraavgiftene i 2017.

#### **Sekretærens kommentar**

*Dette er under føresetnad at fakultetet gir økonomisk tilskot.*

### **Molekylærbiologisk institutt**

Instituttet ynskjer at [MOL213](#) «Utviklingsgenetikk» og [BIO370](#) «Celle- og utviklingsbiologi» skal ha eit fagleg overlapp på 5 studiepoeng mellom emna. I tillegg har programstyret vurdert overlapp mellom [MOL215](#) «Tumorbiologi» og [BMED331](#) «Tumorbiologi» til å ha eit overlapp med 10 Studiepoeng mellom emna.

#### **Sekretærens kommentar**

*Molekylærbiologisk institutt må informere og få ei stadfesting av institutta som er administrativt ansvarleg for BIO370 og BMED331 om at overlapp er godkjent.*

*Vidare bør instituttet vurdere om emna MOL215 og BMED331 kan bli slått saman til eit felles emne for å spare institutta for ressursar.*

### **Skolelaboratoriet i realfag**

<http://www.uib.no/skolelab>

Skulelaboratoriet i realfag har levert nye emneskildringar i NAT621, 622, 623 og 624.

## **2. ENDRINGAR I UNDERVISNINGSTILBODET HAUST 2017**

Matematisk institutt melder at MNF201 vert flytta frå vår til haustemne. Skal undervises vår og haust 2017. Deretter haust 2018.

Institutt for informatikk melder også emne INF214 går fyrste gong hausten 1017 (jf studieplanendringar 1. oktober 2014).

## **3. ENDRINGI FARGEKODE PÅ EMNE**

Matematisk institutt fjernar fargekode frå emna MAT213, MAT252, MAT261, MAT254, STAT200 og STAT210.

Kjemisk institutt endrar fargekode for emne [KJEM221](#) «Grunnleggjande kvantemekanikk» frå gul til raud.

#### **Sekretærens kommentar**

*Fakultetet noterer seg endringar i fargekodane. Vi har innført eit nytt timeplanleggingssystem (TP) noko som har ført til at praksis for å legge timeplan baserer seg på litt andre kriteriar enn fargekodar. Sidan TP er eit nytt system våren 2017, treng vi å hauste erfaringar. Vi tar difor alle endringar i fargekodar til etterretning, i tilfelle vi ser at fargekodesystemet kan nyttast vidare.*

## **4. STUDIELØP VED UNIS**

Ingen endringar meldt inn.

## **Forslag til vedtak**

*Studiestyret tar til etterretning forslaga til små endringar i emneskildringar som programstyra har fremja.*

## **ORIENTERING TIL STUDIESTYRET: PLANAR FOR , OG YNSKJE OM STØRRE ENDRINGAR I STUDIEPROGRAM**

For å sikre informasjonsflyt mellom institutt og Studiestyre er det til fristen 1. mars bedt om at studiestyret vert orientert om pågåande revisjon av studieprogram og planar om større endringar i emneporteføljen. Trong for nye emne i fagmiljø utanfor eige institutt kan også fremjast.

### **Geofysisk institutt**

Instituttet planlegg å starte opp eit nytt obligatorisk spesialiseringsemne for masterretning Klimadynamikk, GEOF3XX «Advanced Climate Dynamics». Det nye emne vil være på 10 studiepoeng og starte 2018/19.

Før dette ynskjer instituttet å tilby ein del av dette som eit seminar på 5 SP vår 2018.

Instituttet ynskjer også å tilby seminaret «Modelling of climate and wather related hazards and risks», 5 studiepoeng, vår 2018.

### **Institutt for biologi**

Instituttet skriv:

*«Ledelsen ved Institutt for biologi (BIO) har besluttet å trekke Bachelorprogram i miljø- og ressursfag (BATF-MIRE) fra Samordna opptak i 2017. Bakgrunnen for beslutningen er sammensatt; vi har ikke lenger et dedikert fagmiljø som står bak programmet, konklusjonene fra en ekstern evaluering (2016) er svært negative, frafallstallene er høye og valg av masterprogram for videre studier er problematisk.*

*BIO vil derfor foreslå at Bachelorprogram i miljø- og ressursfag slås sammen med Bachelorprogram i biologi ved fristen for store studieplanendringer 1. oktober 2017. Vi ønsker å etablere et nytt emne på 100-tallsnivå som omhandler miljø, naturforvaltning og globale utfordringer som vi ønsker å tilby alle studenter ved UiB. Videre vil vi bygge opp et nytt emne på 200-tallsnivå, som går i dybden på de mest aktuelle problemstillingene globale miljøutfordringer.*

*Programstyret for Bachelorprogram i miljø- og ressursfag vil få forslaget til behandling i innværende semester».*

### **Institutt for geovitskap**

Instituttet skriv:

«Fagmiljøet her ved Institutt for geovitenskap forventes å opprette et nytt emne på ti studiepoeng, og som vil bli tilbudt første gang våren 2018. Dette emnet vil til en viss grad erstatte GEOV215 Signaletori, som ble lagt avviklet i 2015. Det er ikke bestemt noe navn eller emnekode på det nye emnet, men det vil sannsynligvis bli tilbudt til geofysikkstudenter på sjette semester (vår), samt masterstudenter».

Fortsetter neste side

Institutt for geovitskap fortsetter

«GEOV301 (5 studiepoeng) er et emne i geostatistikk, som avholdes annethvert vårsemester, i oddetallsår. Fagmiljøet kommer mest sannsynlig til å melde inn nedlegging av dette emnet, fra og med studieåret 2018/19. Som erstatning for dette ønsker man å opprette et nytt statistikkemne, på 10 studiepoeng, og som kommer til å avholdes hvert år, fortrinnsvis om høsten».

### **Matematisk institutt**

Instituttet har planar om å legge ned MAT256 Plasmadynamikk. Grunngevinga er at emne ikkje har blitt undervist på fleire år og vi har heller ikkje forelesarar til dette emne.

#### **Sekretærens kommentar**

*Nedlegging av emne er ei stor studieplanendring og meldast inn 1. oktober 2017.*

I tillegg, er det planar om at Skuleretta matematikk, skal leggest ned som studieretning, både under [Masterprogram i Matematikk](#) og [Anvendt og beregningsorientert matematikk](#).

Instituttet skriv:

*« Programstyret ved Matematisk institutt vil ved neste frist for store studieplaner melde inn at Skuleretta matematikk skal legges ned som masterretning, både under Matematikk og Anvendt og beregningsorientert matematikk.*

*Nedleggingen ble opprinnelig bestemt på Programstyremøte i februar 2016, da regjeringen hadde bestemt at det fra høsten 2017 var krav om en mastergrad for å komme inn på PPU:*

*<http://www.uib.no/utdanning/laerer/49375/opptakskrav-ppu>*

*Ettersom PPU er integrert i Skuleretta matematikk, kan heller ikke studenter tas opp til denne masterretningen uten å allerede ha en mastergrad.*

*Senere snudde regjeringen og utsatte kravet om master, og dermed rapporterte vi ikke denne endringen inn sammen med studieplanendringer i 2016.*

*Kravet om mastergrad før PPU har regjeringen nå bestemt at trår i kraft fra høst 2019. Vi vil allikevel legge ned masterretningene fra og med høst 2018 for å unngå potensielle problemer med studenter som blir tatt opp til denne retningen, men ikke har mulighet til å ta PPU-delen første semesteret. Vi har også besluttet å ikke lyse ut Skuleretta matematikk ved masteropptaket høst 2017.*

*Studieretningen har uansett ikke fungert etter hensikten; det har alltid vært svært få kvalifiserte søkere til dette programmet og søkerne misforstår programmet. Nesten alle som søker har kun bakgrunn fra lærerhøgskole og har ingen av emnene som kreves i opptakskravet. Vi har kun uteksaminert en eneste i studieretningens levetid.*

*Vi vil i fremtiden heller anbefale studenter å ta en master i matematikk og et helt år med PPU etterpå».*

Bergen 30. mars 2017 MN/STB

Vedlegg

1. Brev frå fakultet til institutt
2. forslag til studieplanendringar frå institutt, Skolelaboratoriet i realfag og Lærarutdanningsutvalet